



DEN NORSKE KYRKJA
Hundvin sokneråd

Postboks 5
5951 LINDÅS
Tlf: 56369530

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Vår sakshandsamar: SB
Vår ref.: 14/00013-003
Arkivkode: 002.0

Høyringsfråsegn «Staten og Den norske kirke - et tydelig skille»

Hundvin sokneråd, Nordhordland prosti, har i møte 23. oktober gjort følgjande vedtak:

Sak 37/14 Høyringsnotat frå Hundvin sokneråd: *Staten og Den norske kirke – et tydelig skille.*

1. Soknerådet ser det som viktig å styrkja soknet som grunneining i Den norske kyrkja, og soknerådet som soknet sitt organ. Å lovfesta soknet sin rett til prest er eit positivt verkemiddel i den samanhengen.
2. Soknerådet ser det som viktig at tilsetjingsansvaret for prestar og andre kyrkjelege tilsette ikkje vert lagt til fellesråda, men større einingar. Fellesråda vert mange stader for små einingar og manglar kompetanse til dette.
3. Når soknerådet etter § 9 har ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni «innarbeides og utvikles» bør det også vere dei som har hand om planarbeidet. Formuleringa i § 11 om fellesrådet sitt planarbeid bør difor formulerast annleis enn slik det står i framlegget.
4. Soknerådet ser det også som viktig at midlar til trusopplæring vert sikra.

Lindås 30.10.2014


Synnøve Bjørndal
sekretær